Lom kommune | Kommunedelplan for Fossbergom

KONSEKVENSUTGREIING

Endeleg utgåve

Innhald: side

1	**Kort om metoden**	**3**
2	**Tema i konsekvensutgreiinga**	**3**
2.1	Miljø	4
2.2	Samfunn	4
3	**Oversikt over område**	**5**
4	**Utgreiing av enkeltområde**	**5**
4.1	Andberg	5
4.2	Andvordsjordet	7
4.3	Kroken	9
4.4	Utviding av industriområdet BN_F2	11
4.5	Nørderøy	13
4.6	Sentrumsformål for omr. BS1 - BS4 og BS_F1	15
4.7	Kombinert formål forretning og bustad for omr. BKB_F1 - BKB_F6	17
4.8	Bustadformål for område B_F2 og B_F3 Kulihaugen	19
4.9	Område for utviding av gravplass BOP_F2	21
4.10	Flytting av parkeringsplass frå kyrkjevollen til nytt område	23
5	**Samla konsekvens**	**215**
5.1	Samla konsekvens av dei tilrådde utbyggingsområda	25
5.2	Tematisk vurdering av konsekvensar	25
6	**Heilskapleg vurdering**	**28**
6.1	Landskap	28
6.2	Staden sin karakter	29
6.3	Kulturminne og -miljø	29
6.4	Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk	29
6.5	Trafikkforhold	29
6.6	Barna sine interesser	30
6.7	Universell tilgjenge	30
6.8	Jordressursar/landbruk	30

1. Kort om metoden

Metoden som er brukt i arbeidet med konsekvensutgreiing er gjort med utgangspunkt i Statens Vegvesen sin rettleiar for konsekvensanalysar V712 og Miljødepartementet sin rettleiar for konsekvensutgreiingar.

Verdi. Ein vurderer her kor stor/ liten verdi eit område eller eit miljø har, og kor betydningsfullt det er.

Omfang. Vurdering av kva endringar det foreslåtte tiltaket vil føre med seg for dei ulike områda/ miljøa, og graden av denne endringa. Omfanget kan vera antal, plassering og storleik, eller andre faktorar, som vil endre området.

Konsekvens. Vurderinga av den totale konsekvensen er ei avveging mellom dei fordelane og ulempene eit tiltak vil føre med seg.

Kvart utgreiingsområde er skjematisk framstilt med kartutsnitt, kort informasjon om området, størrelse på området, forslagsstillar og bruk i dag. Vidare er det stilt opp relevante tema i tabell, fordelt på hovudtemaene miljø og samfunn. Kvart undertema er kommentert kort, det er gjeve ein verdi og eit omfang. Verdien er sett frå liten (*), middels (**) til stor (***). Omfanget er sett frå svært stort positivt omfang (++++) via nøytralt (0) til svært stort negativt omfang (----). Sjå tabell nedanfor.

Ut frå dette er det gjort ei vurdering av den samla konsekvensen for foreslått ny bruk, samanlikna med situasjonen i dag. Dette er synt med pil i ein tabell. Det er også i tekst gjort ei samla vurdering og konklusjon. Konsekvensen er sett på ein skala frå svært stor negativ til svært stor positiv, men kan også vera nøytral (anslått ingen konsekvens).

VERDI → **OMFANG ↓**	Ingen verdi	Liten *	Middels **	Stor ***	RGB
Svært stor negativ ---- (- 4)		- - - -	- - - -	- - - -	255, 0, 0
Stort negativ --- (- 3)		- - -	- - -	- - -	255, 80, 80
Middels negativ -- (- 2)		- -	- -	- -	255, 163, 165
Liten negativ - (- 1)		-	-	-	255, 193, 193
Nøytral (0)	0				0, 0, 0
Liten positiv + (+ 1)		+	+	+	211, 255, 167
Middels positiv ++ (+ 2)		++	++	++	178, 255, 101
Stor positiv +++ (+ 3)		+++	+++	+++	121, 242, 0
Svært stor positiv ++++ (+ 4)		++++	++++	++++	2, 190, 11

Tabellen syner samanstilling av verdi og omfang for å finne konsekvens av foreslåtte tiltak.

2. Tema i konsekvensutgreiinga

Temaene i konsekvensutgreiinga er delt inn i hovudtemaene *miljø* og *samfunn*, der desse igjen blir delt i undertema.

2.1 Miljø

Naturverdi, biologisk mangfald. Her vurderer ein om det er særskilde forhold knytt til artar eller naturmiljø som vil bli berørt av foreslått ny bruk. Kjelder som er brukt er i hovudsak Artsdatabanken og Naturbase.

Jord- og skogbruksinteresse. Har området nokon særskild interesse for jordbruk eller skogbruk? Om området er dyrka sjekkar ein kva jorda er brukt til, og skogen blir sjekka med tanke på bonitet/ type skog. Er området registrert som dyrkbart areal? Hovudkjelda for informasjon er Kilden. I dette tilfellet har også kommuneadministrasjonen sjølv ei oversikt over totaltal på dyrka mark og omdisponering av denne.

Landskap. Korleis vil foreslått bruk endre landskapet i området? Vil det bli ei synleg endring, eller kan det gjerast ei landskapstilpassa endring? Fører tiltaket med seg ei akseptabel endring av landskapet? Her er det fagleg skjønn som ligg til grunn. Rambøll har utarbeidd stadanalyse (2008) som gjeld sentrumsområdet.

Kulturminne, kulturmiljø. Her ser ein på om foreslått tiltak vil verke inn på kjende kulturminne eller kulturmiljø, og om det finst informasjon om dette: Om det er stort sannsyn for å finne kulturminne ved gjennomføring av tiltaket. Askeladden er hovudkjelda. På Fossbergom har ein også elles kjende og større kulturmiljø.

Forureining, støy. Vil tiltaket føre med seg støy eller forureining som ikkje finst i dag? Er det støy eller forureining/ bruk av området i dag, som vil verke inn på foreslått framtidig bruk? Aktuelle kjelder er Miljøstatus i Norge og lokal kjennskap til tidlegare bruk.

Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv. Her gjer ein vurderingar av nærmiljøet, kva grøntareal som finst i området eller som området gjev tilgang til samt forholdet til friluftsliv. Dersom det ikkje er nasjonalt sikra friluftsområde, eller at området gjennom plan tidlegare er regulert som friområde eller liknande, er det lokal kjennskap til området som er hovudkjelda til informasjon.

2.2 Samfunn

Næringsliv og busetting. Finst det næringsliv og busetting i og rundt det aktuelle området, og i såfall kva type? Korleis vil tiltaket verke inn på eksisterande næringsliv og busetting?

Tettstadutvikling. Vil tiltaket ha negative eller positive konsekvensar for utvikling av tettstaden, og vil tiltaket ha innverknad på den ønskte utviklinga av staden?

Transportbehov. Her vurderer ein korleis tiltaket vil verke inn på trafikk og transportbehov, særleg i tilknyting til funksjonar som er har særleg betydning for det aktuelle tiltaket. Døme er nærleik til skule for aktuell bustadbygging. Lom kommune har utarbeidd trafikkanalyse (2012).

Folkehelse. Vil tiltaket ha påverknad på folkehelse? Med dette er meint til dømes folk si moglegheit til å kome seg ut til tilrettelagte friluftsområde eller andre aktivitetar, og om foreslått tiltak har konsekvensar for dette i positiv eller negativ forstand.

Barn og unge. Det er viktig å vurdere om det foreslåtte tiltaket vil påverke barn og unge på nokon måte. Vil tiltaket gjera skulevegen tryggare, gje rom for leik eller føre til at barn og unge får eit redusert tilbod? Det er gjennomført barnetrakkregistreringar av Lom kommune (2012).

Samfunnstryggleik. Forhold på staden der tiltaket er foreslått kan føre til auka fare for ulukker, eller tiltaket i seg sjølv kan føre til auka fare. Motsett kan også tiltak føre til ein tryggare situasjon. I kommunedelplanen for Fossbergom er det særskild farene for ras og flaum som trer fram som viktige tema. NGU har gjennomført skredfarekartlegging (2008/ 2009). Hydrateam vart engasjert av kommunen til å gjennomført flaumsonekartlegging for nedre del av Bøvre (2016), og flaumsonekartlegging for resten av Bøvre gjennom sentrum blir gjennomført våren 2020. Andre relevante kjelder er Naturbase, NVE Atlas og NGU sine kart.

Teknisk infrastruktur. Føreset tiltaket utbygging av teknisk infrastruktur som veg og løysingar for vatn og avlaup? Finst dette i så fall frå før i området, eller må ein byggje ut for at det foreslåtte tiltaket skal kunne gjennomførast?

3. Oversikt over område

Arbeidet med kommunedelplanen har gått føre seg over lengre tid, og undervegs har det kome til og fulle frå innspel.

	OMRÅDE	FØREMÅL I DAG	FORESLÅTT FØREMÅL
3.1	Andberg **)	LNF	*Byggeomr. Fritids- og turistføremål*
3.2	Andvordsjordet *)	LNF	*Byggeområde bustadar*
3.3	Kroken *)	LNF	*Byggeområde bustadar*
3.4	**BN_F2 (utviding av industriområde) ***)**	**Anna byggeområde næring**	**Byggeområde industri**
3.5	Nørderøy (*BFT_F2***)	LNF	*Byggeomr. Fritids- og turistføremål*
3.6	**BS1 – BS4 og BS_ F1 (sentrum)**	**Byggeområde erverv** - forretning, kontor, reiseliv.	**Byggeområde sentrumsføremål**
3.7	**BKB_F1 – BKB_F6 (deler av industriområdet)**	**Byggeområde erverv** – industri, forretning, kontor, reiseliv	**Kombinert byggeområde forretning- og bustadføremål**
3.8	**B_F2 og B_F3 (Kulihaugen)**	**Byggeområde off. føremål**	**Byggeområde bustader**
3.9	**BOP_F2 (utviding av gravplass) ***)**	**LNF**	**Offentleg eller privat tenesteyting**
3.10	*Ny plassering av bussterminal og parkeringsplass **)*	LNF	*Kombinert formål parkeringsplass/ kollektivterminal*

*) *Ikkje teke inn i planforslaget* **) *teke ut av planforslaget etter offentleg ettersyn (1. eller 2. gong)*
***) *ny lokalisering ved 3. gongs offentleg ettersyn*

4. Utgreiing av enkeltområde

I det følgjande er dei 10 områda presentert og gjort greie for skjematisk og kvar for seg.

4.1 Andberg

OMRÅDE: ANDBERG	
Dagens føremål:	LNF
Forslag til ny arealbruk:	Fritids- og turistføremål
Arealstorleik:	11 mål
Forslagstillar:	Aud og Morten Sørhage
Skildring: Området ligger mellom fv. 55 og Bøvre, ca. 800 meter sør for sentrum. Markert rygg som strekker seg ned mot Bøvre. Attraktivt og nasjonalt viktig kulturlandskap. Sørvendt. Arealet er ikkje utbygd i dag.	



TEMA	VERDI	OMFANG	FORKLARING, KOMMENTAR, USIKKERHEIT
Miljø			
Naturverdi, biologisk mangfald	**	0	Kantsone mot Bøvre. Området inngår i kulturlandskap med botanisk-økologisk interesse. Det er ikkje registrert raudlisteartar i og langs vassdraget (Naturbase). Liten konsekvens om kantsone langs Bøvre blir teke vare på.
Jord- og skogbruksinteresse	***	- -	Omlag fem mål dyrka mark vil falle frå. Nasjonalt viktig kulturlandskap (Naturbase), gjev høg verdivurdering.

Landskap	***	- -	Dei største kulturlandskapsverdiane er dokumentert på oversida av fylkesveg 55. Landskapstilpassa utbygging vil krevjast.
Kulturminne, kulturmiljø	*	0	Ikkje kjende kulturminne. Området er undersøkt av fagkunnig i 2006.
Forureining, støy	*	0	Området ligg på den nedre sida av fylkesveg 55 (Sognefjellsvegen), dels innafor gul støysone.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	**	- -	Kulturlandskapet utgjer ein grøn overgang frå sentrum av Fossbergom som er prega av veg og asfalterte flater. Strandsone til verna vassdrag. Utbygging kan verke privatiserande dersom detaljplanar ikkje inkluderer moglegheit for fri ferdsel.
Samfunn			
Næringsliv og busetting	**	++	Tiltaket kan gje auka aktivitet i skuldersesongar/ vinter.
Tettstadsutvikling	**	++	Nytt tilbod med nærleik til Fossbergom. Saman med utbygging av camping på Nørderøy, vil ein få eit samanhengande fritids-/turist-/campingføremål avgrensa av fylkesveg 55 og Bøvre. Forlenging av sentrum mot vest.
Transportbehov	**	+	Gangavstand til sentrum, i grenseland. Tiltak må føresette etablering av gang- og sykkelveg.
Folkehelse			Ikkje relevant.
Barn og unge			Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik	*	-	Delvis rasutsett ved sikringsklasse S2 (NGI, faresonekart). Det finst ikkje data som dokumenterer tilstrekkeleg tryggleik mot skred (S3). Det er ikkje utarbeidd flaumfarekart for området.
Teknisk infrastruktur	*	0	Ikkje offentleg VA-tilknyting, utbygd frå sentrum til Lom camping.

Svært stor positiv konsekvens	Stor positiv konsekvens	Middels positiv konsekvens	**Liten positiv konsekvens**	Nøytralt	Liten negativ konsekvens	Middels negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens	Svært stor negativ konsekvens
						↑		

SAMLA VURDERING OG EVENTUELLE ALTERNATIV. Det vert lagt til grunn at utviklar har oppfatning av at det finst ein marknad for utleigeleilegheiter. Siste års statistikk syner nedgang i etterspurnad etter hotellrom, men auke i camping. Allereie mange utleigeeiningar i og ved sentrum, men ikkje av typen som er foreslått ved Andberg. Tilbod på utleigeleilegheiter kan gje auka besøkstal i lang sesong, noko som er peikt på som sterkt ønskt frå reiselivsnæringa. Ei eventuell utbygging bør sjåast i samanheng med eventuell utbygging av areal nedanfor fylkesveg 55 på Nørderøy (campingføremål). Det bør lagast ei områderegulering av heile området Andberg – Nørderøy – Lom Camping som syter for heilskapleg omsyn til infrastruktur og kantsone mot Bøvre og føreseieleg planlegging for utviklar. Negativ konsekvens knytt til landskap kan påverkast med avbøtande tiltak, som tilpassing til terreng og ved utforming/ materialbruk.

Dei negative effektane vil vera størst i tilknyting til vern av kulturlandskapet. Det vil vera eit tap av fem mål dyrka mark.

KONKLUSJON. Konsekvensutgreiinga påpeiker fleire forhold som talar mot utbygging, men dersom ein vel å tilpasse utbygginga til området si sårbarheit, kan likevel utbygging gje positive konsekvensar for næringsutvikling/ tettstadutvikling. Bortfall av dyrkamark og nytt element i kulturlandskapet gjev negativ konsekvens. Ved utbygging må det krevjast god tilpassing til terreng og kulturlandskap.

Samla konsekvens ved utbygging av området er vurdert til middels negativ, og tiltaket vert ikkje tilrådd.

4.2 Andvordsjordet

OMRÅDE: ANDVORDSJORDET	
Dagens føremål:	LNF
Forslag til ny arealbruk:	Bustad
Arealstørleik:	17 mål
Forslagstillar:	Lom kommune, stadutviklingsplan

Skildring:

Andvordsjordet har vore foreslått utbygd tidlegare, men ikkje vorte bygd ut. Arealet ligg sentrumsnært med gode tilhøve for uteopphald/grøntareal. Fulldyrka mark som ligg i område med jordbruk, bustadar og turisme.

TEMA	VERDI	OMFANG	FORKLARING, KOMMENTARAR, USIKKERHEIT
Miljø			
Naturverdi, biologisk mangfald	**	-	Dyrka mark, åkerholme. Strandsone mot Bøvre. Området inngår i større kulturlandskap med interessant botanisk-økologisk interesse. Ingen registrerte sårbare artar (Naturbase/ Artsdatabanken).
Jord- og skogbruksinteresse	***	- - -	Dyrka mark, produksjonsareal eigna for gras- og kornproduksjon. Fråfall av omlag 18 mål dyrka mark. Drift av produksjonsareal i landbruket kan vera utfordrande å kombinere med bustadbygging.
Landskap	***	- -	Landbruksområde med kulturmiljø/kulturminne. Bustadbygging her betraktast som sentrumsnært og i samanheng med bustadområda i sentrum. Inngår i Nasjonalt viktig kulturlandskap (Naturbase), gjev høg verdivurdering.
Kulturminne, kulturmiljø	**	0	Potensial for automatisk freda kulturminne i dyrka mark er høgt. To automatisk freda kulturminne er registrert. Området er undersøkt av fagkunnig i 2008. Supplerande undersøking kan påreknast. Utbygging vil også visuelt minke rommet rundt åkerholmen. Utbygging vil kunne føre til avdekking av nye kulturminne.
Forureining, støy	*	0	Ikkje kjende forhold.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	**	+	Oppleving knytt til kulturminne er positivt med tanke på bustadmiljø.
Samfunn			
Næringsliv og busetting	**	+++	Arealet er eigna for bustadbygging, og det er naudsynt med fleire sentrumsnære bustadar.
Tettstadsutvikling	**	+	Inngår som ein viktig del av overgangen sentrum – kulturlandskapet i Bøverdalen. Bustadbygging her betraktast som sentrumsnært og i samanheng med bustadområda i sentrum.
Transportbehov	**	++	Gangavstand til sentrum. Kan knytast tettare mot sentrum , i samanheng med ny bru over Bøvre.
Folkehelse	*	+	Gangavstand til sentrum, god tilgang på grøntareal. Arealet kan vera eigna for bustadar av fleire typar.
Barn og unge	**	-	Andvordsjordet er viktig leikeområde i barnehage/skule/fritid. Nært bustadområde (barnetrakkregistreringar). Utbygging vil kunne svekke naturleg leikeområde.
Samfunnstryggleik	*	0	Ikkje rasutsett ved sikringsklasse S2 (NGI, faresonekart). Det er ikkje utarbeidd flaumfarekart for området.
Teknisk infrastruktur	*	0	Kommunalt VA.

Svært stor positiv konsekvens	Stor positiv konsekvens	Middels positiv konsekvens	Liten positiv konsekvens	Nøytralt	**Liten negativ konsekvens**	Middels negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens	Svært stor negativ konsekvens

↑

SAMLA VURDERING OG EVENTUELLE ALTERNATIV. Utbygging av bustader på arealet vil gje stor negativ konsekvens for jordbruksareal. Det vil bli eit fråfall av dyrka mark på om lag 18 mål ved minste alternativ. Grunna området sin nærleik til sentrum og generelle attraktivitet som egna område som bustadutbygging vurderer ein likevel at arealet oppfyller nokre av dei føresetnadene som skal til for å sjå bort frå jordvernet. Utbygging av bustader på nytt areal på dyrkamark bør vera aktuelt berre dersom ikkje anna alternative bustadareal er tilgjengelege.

KONKLUSJON. Det er sterke jordbruksinteresser knytt til det nye arealet. Ei vidareføring av arealbruk her vil vera å oppfylle ei forventning om å stoppe utbygging på dyrka mark. Ein vurderer at arealet er egna for bustadbygging, men dette bør unngåast så fremt det finst alternativ som ikkje går på bekostning av landbruksjord.

Samla konsekvens for utbygging av bustadar på Andvordsjordet er vurdert som liten negativ, og tiltaket vert ikkje tilrådd.

4.3 Kroken

OMRÅDE: KROKEN	
Dagens føremål:	LNF, friområde
Forslag til ny arealbruk:	Bustadar
Arealstorleik:	6,8 mål
Forslagstillar:	Lom kommune

Skildring:

Innmarksbeite i tilknyting til gard som er i bruk som bustad. Hestesport med utgangspunkt i garden, med beite- og stallplassar. Det er sterke landskaps-, landbruks-, og grønstrukturinteresser knytt til arealet.

TEMA	VERDI	OMFANG	FORKLARING, KOMMENTAR, USIKKERHEIT
Miljø			
Naturverdi, biologisk mangfald	**	- -	Innmarksbeite (AR5). Området inngår i større kulturlandskap med interessant botanisk-økologisk interesse; Nasjonalt viktig kulturlandskap (Naturbase). Avgrensinga av det nasjonalt viktige kulturlandskapet kan sjåast som grovmaska. Arealet er ikkje ein nasjonalt eller regionalt viktig naturtype, men kan vera lokalt viktig (Naturbase).
Jord- og skogbruksinteresse	***	- - -	Inngår i Nasjonalt viktig kulturlandskap (Naturbase), gjev høg verdivurdering. Gjev eit fråfall av om lag 6 mål innmarksbeite.
Landskap	**	- - -	Bustadar og landbruksområde nær sentrumsareala. Grønstrukturen i Eggjalia og Kroken er svært synleg kulturlandskap i den delen av Lomseggen som strekkjer seg ned mot sentrum.
Kulturminne, kulturmiljø	*	0	Ikkje kjende kulturminne, ikkje undersøkt av arkeolog.
Forureining, støy	*	0	Ikkje kjende forhold.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	**	-	Det har dei siste åra vore bygd ut andre delar av jordvegen i Kroken, gjennom plan, med utlegging av leikeplassar, og turvegar/grønstruktur i samband med utbygginga. Stadutviklingsplanen tilrår å ikkje gå vidare med bygging her.
Samfunn			
Næringsliv og busetting	**	+++	Det er mål om å legge til rette for sentrumsnær bustadutvikling. Areal eigna for einebustader er det ikkje godt tilgjenge til. Arealet kan omfatte 6-8 bustadeiningar i einebustader.
Tettstadsutvikling	**	+	Det er mål om å legge til rette for sentrumsnær bustadutvikling. Grønstrukturen som arealet utgjer er viktig for at Fossbergom skal framstå som ein grøn tettstad.
Transportbehov	**	++	Sentrumsnær bustadtilrettelegging. Det vil vera gang- og sykkeltilhøve til dei fleste sentrumsfunksjonane.
Folkehelse	**	+	Bustadutvikling nær sentrum. Dette gjev større moglegheit for fot- og sykkeltrafikk til daglege gjeremål.
Barn og unge	**	-	Beitearealet brukast mykje av hestar, som er hovudinteresse for ein del av aldersgruppa (barnetrakkregistreringar). Interessegruppa vil måtte finne andre område. Tap av friområde.
Samfunnstryggleik	*	0	Tryggleik mot skred er kartlagt med farekart (faresonekart NGI). Det er ikkje kjende forhold som gjer at risiko- og sårbarheitsbiletet vert endra med utlegging til bustadformål.
Teknisk infrastruktur	*	-	Utviklingsretning som allereie er påbegynt. Arealet er grunnlendt og opparbeiding av VVA vil vera ein vesentleg kostnad.

Svært stor positiv konsekvens	Stor positiv konsekvens	Middels positiv konsekvens	Liten positiv konsekvens	Nøytralt	**Liten negativ konsekvens**	Middels negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens	Svært stor negativ konsekvens
						↑		

SAMLA VURDERING OG EVENTUELLE ALTERNATIV. Arealet er godt eigna for utlegging til bustadar. Det er lokalt og sentralt eit mål om å legge til rette for sentrumsnær bustadutvikling, verdien og omfanget av desse tema er difor sett forholdsvis høgt. Forholdet til landbruket og hestesport gjev negativ konsekvens, samtidig er det diskutert at arealet er eksponert frå sentrum og utbygging vil gje landskapspåverknad. Andre alternativ er Kulihaugen (eigen KU) og Prestgardsskogen.

KONKLUSJON. Ein vurderer at de samfunnsmessige fordelane ved å utvikle området til bustadar er mindre enn måloppnåinga i høve til landskap, grønstruktur og landbruk/hestesport. Arealet bør liggje som ei tomtereserve, event. med føresegner for rekkjefølgje.

Endra arealbruk vil i alt gje ein middels negativ konsekvens, og tiltaket vert ikkje tilrådd.

4.4 Utviding av industriområdet (BN_F2)

OMRÅDE: BN_F2 NÆRINGSOMRÅDE	
Dagens føremål:	Anna byggeområde næring (fiskeoppdrett)
Forslag til ny arealbruk:	Byggeområde næring
Arealstorleik:	3 dekar
Forslagstillar:	Lom kommune
Skildring: Arealet ligg i tilknyting til eksisterande industriområde. Deler av arealet er flaumutsett.	



TEMA	VERDI	OMFANG	FORKLARING, KOMMENTAR, USIKKERHEIT
Miljø			
Naturverdi, biologisk mangfald	**	-	Ope, jorddekt fastmark. Nærleik til viktig naturtype (Bøvre sitt delta). Leveområde for prioritert art - elvesandjeger - er registrert like aust for foreslått område.
Jord- og skogbruksinteresse	*	0	Ingen innverknad på tema.
Landskap	*	0	Endra arealbruk vil ikkje føre til vesentleg påverknad. Utviding vil sjåast saman med eksisterande industriområde.
Kulturminne, kulturmiljø	*	0	Ikkje kjende kulturminne, ikkje undersøkt av arkeolog.
Forureining, støy	*	0	Framtidig industriføremål kan innebere eit støypotensial. Type næringsverksemd kan styrast gjennom reguleringsplan.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	*	-	Turstig mot Ottaelva like inntil området, men kan oppretthaldast.
Samfunn			
Næringsliv og busetting	**	++	Arealet er eigna for utbygging til industri, og i samanheng med eksisterande industriområde.
Tettstadsutvikling	*	++	Same grunngjeving som for næringsliv og busetting.
Transportbehov	**	++	Arealet ligg i gang- og sykkelavstand til sentrum, som er fordelaktig med tanke på arbeidsplassar.
Folkehelse	*	0	Ingen innverknad på tema.
Barn og unge	*	0	Liten eller ingen verdi (jfr. barnetrakkregistreringar).
Samfunnstryggleik	**	- -	Arealet er utsett for flaum med 200-års intervall, jamfør rapport frå Hydrateam. Området må fyllast opp før utbygging for å oppfylle tryggleiksklasse F2.
Teknisk infrastruktur	*	++	Offentleg VVA enkelt tilgjengeleg. Hovudtrafo er lokalisert like inntil området. To kraftleidningar gjennom området.

Svært stor positiv konsekvens	Stor positiv konsekvens	**Middels positiv konsekvens**	Liten positiv konsekvens	Nøytralt	Liten negativ konsekvens	Middels negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens	Svært stor negativ konsekvens
			↑					

SAMLA VURDERING OG EVENTUELLE ALTERNATIV. Arealet er naturleg samanhengande med eksisterande industritomter. Hydrateam AS sine rapportar syner at arealet må fyllast opp til minimum kote 366,85 før det fyller krava til sikker byggegrunn ved 200-års flom. Sjølv om arealet er lite vil det ha ein positiv samfunnsmessig påverknad å legge til rette for klargjering av ny næringstomt. Det er greie vilkår for framføring av VA-anlegg. Habitatet til elvesandjegeren aust for foreslått område må takast omsyn til, særleg gjennom planlegging av tilkomsten til det utvida industriarealet. Turstig mot Ottaelva går like inntil området, kan oppretthaldast.

Anna alternativ for nye næringstomter har vore på høyring tidlegare og er forkasta.

KONKLUSJON. Arealet har ei plassering som gjer det eigna for klargjering til næringstomt. Det må takast omsyn til nærleik til viktig naturtype og til leveområde for prioritert art

Endra arealbruk for området vil i alt gje ein liten positiv konsekvens, og tiltaket vert tilrådd.

4.5 Nørderøy

OMRÅDE: NØRDERØY **Temakart**:	
Dagens føremål:	LNF
Forslag til ny arealbruk:	Fritids- og turistføremål
Arealstorleik:	64 mål
Forslagstillar:	Njål Bakkeberg
Skildring: Området rundt garden Nørderøy Øy er i dag dyrka mark og beiteareal. Forslagsstillar ønskjer å omdisponere delar av området til fritids- og turistføremål.	



TEMA	VERDI	OMFANG	FORKLARING, KOMMENTAR, USIKKERHEIT
Miljø			
Naturverdi, biologisk mangfald	**	-	Området øvst på Nørderøy, mot søraust, er registrert som naturbeitemark, med verdi viktig, og inngår i eit lengre område i denne høgda vestover langs Bøverdalen. Ikkje registrert andre naturverdiar/ raudlisteartar (Naturbase).
Jord- og skogbruksinteresse	***	- - -	Området nord for fylkesvegen er dyrka mark, om lag 25 mål. Området sør for vegen er dels beitemark, dels gardstun med tilhøyrande funksjonar.
Landskap	***	-	Visuelt er austgrensa for innspelsområdet utkanten av det markerte sentrumsarealet på Bergom. Området vidare vestover er opnare med spreidd busetnad og landbruksareal og beitemark.
Kulturminne, kulturmiljø	*	0	Det er ikkje gjort registreringar av kulturminne (Askeladden). Arealet inngår i nasjonalt kulturlandskap som strekkjer seg gjennom Bøverdalen mot sentrum. Ved eventuell utbygging må ein rekne med arkeologiske undersøkingar.
Forureining, støy	*	0	Det foreslåtte området ligg på båe sider av fylkesveg 55 (Sognefjellsvegen), dels innafor gul støysone. Ikkje andre kjende forhold.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	**	- -	Kulturlandskapet utgjer ein grøn overgang frå sentrum av Fossbergom som er prega av veg og asfalterte flater. Det foreslåtte området grensar mot camping på nordsida av fylkesvegen, og til bustadfelt på sørsida. Ei utviding med camping på nordsida av vegen kan sjåast som ei naturleg forlenging av eksisterande campingareal. Strandsone til verna vassdrag. Utbygging kan verke privatiserande dersom detaljplanar ikkje inkluderer moglegheit for fri ferdsel.
Samfunn			
Næringsliv og busetting	**	++	Foreslått tiltak vil føre til ny næringsverksemd i nærleiken av sentrum. Tiltaket vil ikkje ha konsekvensar for busetting.
Tettstadsutvikling	**	+	Utbygging til fritids- og turistføremål vil føre til ei forlenging av sentrum mot vest. I delplanarbeidet må det takast stilling til fortetting eller utviding av sentrum.
Transportbehov	**	++	Det er gangavstand til sentrum, tiltak må føresette etablering av gang- og sykkelveg.
Folkehelse			Ikkje relevant.
Barn og unge			Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik	**	- - -	Rasutsett ved sikringsklasse S2 (NGI, faresonekart 2009). Utbygging ovanfor (sør for) Fv55 vil krevje store kostnadar for sikringstiltak. Det er ikkje utarbeidd flaumsonekart for området.
Teknisk infrastruktur	*	0	Offentleg VA-tilknyting stoppar ved Lom camping.

Svært stor positiv konsekvens	Stor positiv konsekvens	Middels positiv konsekvens	Liten positiv konsekvens	Nøytralt	Liten negativ konsekvens	**Middels negativ konsekvens**	Stor negativ konsekvens	Svært stor negativ konsekvens
							↑	

SAMLA VURDERING OG EVENTUELLE ALTERNATIV. Utbygging av campingplass og utleigehytter i dette området vil føre til ei større visuell endring i eit viktig kulturlandskap som også utgjer overgangen mellom Bergom og omkringliggande grøne areal. Dyrka mark og beiteareal vil gå tapt ved utbygging. Utbygging i området vil vera ei naturleg utviding av sentrum mot vest, og det er gangavstand til sentrumsfunksjonar så fremt gang- og sykkelveg blir etablert. Tiltaket kan føre til auka næringsverksemd, og eit større tilbod for reisande med tanke på overnattingsmoglegheiter.

KONKLUSJON. Utbygging vil ha store konsekvensar for dyrka mark og beiteareal. Utbygging bør kun skje dersom det blir etablert gang- og sykkelveg, og ved at det blir stilt krav til utforming av nye bygg/ området som tek omsyn til kulturlandskapet. Tiltaket kan føre til auka næringsverksemd og utvikling av sentrums-området som turiststad. Foreslåtte utleigehytter ligg innanfor faresone for skred og større sikringstiltak vil vere nødvendig ved utbygging. Det har tidlegare vore gjeve tidsavgrensa dispensasjon for å nytte deler av området til camping (areal som grensar inn mot Lom camping)*.

Samla konsekvens av tiltaket er vurdert som stor negativ, og tiltaket vert ikkje tilrådd.

Ved 1. gongs høyring var det foreslått å opne for utbygging for campingformål på nedre del av det aktuelle området, mellom Fv55 og elva. Dette området er ikkje omfatta av faresone for skred. Men vurderinga vil fortsatt vere klart negativ når det gjeld omsyn til dyrka mark og omsynet til kulturlandskapet. Samla konsekvens vil fortsatt vere negativ.

4.6 Endra arealbruk i sentrumskjernen - frå næringsformål til sentrumsformål

OMRÅDE: BS1 – BS4 og BS_F1

Dagens føremål:	Byggeområde erverv - forretning, kontor, reiseliv. Framtidig byggeområde erverv (gjeld omr. BS_F1)
Forslag til ny arealbruk:	Sentrumsformål, framtidig sentrumsformål (omr. BS_F1)
Arealstorleik:	Totalt ca 70 dekar
Forslagstillar:	Lom kommune

Skildring:

Bakgrunnen for forslaget er eit ønskje om eit opnare arealformål i sentrumskjernen. Primært for å opne for etablering av bustader (leilegheiter) i 2. etasje på forretningsbygg i sentrum



TEMA	VERDI	OMFANG	FORKLARING, KOMMENTARAR, USIKKERHEIT
Miljø			
Naturverdi, biologisk mangfald	0	0	Ingen kjende forhold.
Jord- og skogbruksinteresse	0	0	Område BS1 – BS4: Ikkje relevant Område BS_F1: tap av 7,7 daa fulldyrka mark som i gjeldande plan er lagt ut til framtidig næringsområde (byggeområde erverv - forretning, kontor, reiseliv). Har ikkje blitt utbygd eller regulert i inneverande planperiode, og blir i dag nytta til grasproduksjon.
Område BS_F1:	**	- -	
Landskap			Område BS1 – BS4: Ikkje relevant
Område BS_F1:	*	- -	Område BS_F1: Sentrumsnært landbruksareal, slik det blir nytta i dag.
Kulturminne, kulturmiljø	0	0	Område BS1 – BS4: Ingen kjende forhold
Område BS_F1:	*	0	Område BS_F1: Ingen kjende forhold, men eit visst potensiale for automatisk freda kulturminne i dyrka mark.
Forureining, støy	*	- -	Trafikkstøy kan medføre ulemper ved etablering av bustader i forretningsområde nær riks- og fylkesveg , bygningstekniske tiltak mot støy vil avhjelpe dette.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	*	0	Område BS1 – BS4: Ingen kjende forhold
Område BS_F1:	*	0	Område BS_F1: Ligg som eit sentrumsnært grøntareal i dag, men lite eller ikkje nytta til friluftsliv eller annan aktivitet
Samfunn			
Næringsliv og busetting	**	+	For heile området: Det er ønskjeleg med fleire sentrumsnære bustadar. Etablering av bustader i sentrumskjernen vil skape større breidde i utvalet av bustadtypar. Men fleire bustadeiningar i sentrum vil også skape auka press på parkeringsarealet
Område BS_F1:	***	+++	Område BS_F1 spesielt: Einaste ledige restareal med direkte kontakt med sentrumskjernen som har potensiale for utvikling av reiseliv og annan næring.
Tettstadsutvikling	**	++	Etablering av bustader inne i sentrumskjernen vil vere med på å sikre eit levande sentrum også utanfor vanleg forretningstid.
Transportbehov	***	+++	I sentrum, nær alle sentrumsfunksjonar, inkludert kollektivknutepunkt. Transportbehovet er så lite som det er mogeleg å få til i Lom
Folkehelse	*	-	Avgrensa mogelegheiter for uteopphaldsområder, både når det gjeld areal og støypåverknad. Likevel kort avstand til naturområde, turstigar m.m.

Barn og unge	*	-	Avgrensa mogelegheiter for leik-/uteopphaldsområder, men med gangavstand til naturområde/ leikeområde Område BS_F1: Potensiale som leikeområde for vinteraktivitetar, men ingen barnetrakkregistreringar her – i motsetning til for Fossheimsjordet litt lenger aust.
Samfunnstryggleik	*	0	Ikkje rasutsett ved sikringsklasse S2 (NGI, faresonekart). Det er ikkje utarbeidd flaumfarekart for området, men flaumfare blir vurdert som lite sannsynleg.
Teknisk infrastruktur	**	++	Godt utbygd infrastruktur i sentrumsområdet. Kommunalt VA.

For områda BS1 – BS4:

Svært stor positiv konsekvens	Stor positiv konsekvens	Middels positiv konsekvens	Liten positiv konsekvens	Nøytralt	**Liten negativ konsekvens**	Middels negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens	Svært stor negativ konsekvens
		↑						

For område BS_F1:

Svært stor positiv konsekvens	Stor positiv konsekvens	Middels positiv konsekvens	Liten positiv konsekvens	Nøytralt	**Liten negativ konsekvens**	Middels negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens	Svært stor negativ konsekvens
			↑					

SAMLA VURDERING OG EVENTUELLE ALTERNATIV.

Det har vore ein vesentleg oppsving i bustadbygginga i Lom kommune i den seinare tid , og etterspørselen etter sentrumsnære bustadalternativ er stor. Det har vore fleire dispensasjons- og planendringssaker vedr. etablering av bustadeiningar for utleige i 2. etasje på forretningsbygg. Krav om saltak og takvinkel 22-34 grader medfører at det blir nyttbart areal i 2. høgd, men erfaringar viser at dette ofte er vanskeleg å utnytte som forretningsareal. Det finst også leilegheiter i forretningsbygg i sentrumskjernen som er oppført så pass langt tilbake i tid at det ikkje var avgrensingar i planverket for slik etablering. Ulemper knytt til trafikkstøy og reduserte mogelegheiter for uteopphaldsareal er dei mest negative sidene ved forslaget, planføresegnene må setje vilkår om bygningstekniske tiltak og –utforming som reduserer desse ulempene. Auka press på på parkeringsarealet i sentrum er eit anna negativt moment.

Utbygging av område BS_F1, som i gjeldande plan er lagt ut til framtidig næringsområde, vil medføre eit fråfall av dyrka mark på om lag 8 dekar. Dette blir vurdert som sterkt negativt, men området er alt i gjeldande plan frå 2003 omdisponert til framtidig forretningsområde. Ingen relevante alternativ.

KONKLUSJON.

Samla konsekvens for endring av arealformål i eksisterande forretningsområde i sentrumskjernenen til sentrumsformål blir vurdert til å ha ein middels positiv konsekvens, og tiltaket blir tilrådd.

For område BS_F1 blir samla konsekvens for endring av arealformål frå framtidig forretningsområde til framtidig sentrumsformål vurdert til å ha ein liten positiv konsekvens, og tiltaket blir tilrådd.

4.7 Endra arealbruk i deler av industriområdet - frå næringsformål til kombinert formål forretning og bustad (BKB_F1 – BKB_F6)

OMRÅDE: BKB_F1 – BKB_F6	
Dagens føremål:	Byggeområde erverv - industri, forretning, kontor, reiseliv.
Forslag til ny arealbruk:	Kombinert bygge- og anleggformål; forretning og bustad
Arealstorleik:	Totalt ca 100 dekar
Forslagstillar:	Lom kommune + privat forslag

Skildring:

Det er foreslått å opne for bustadetablering i næringsområda, enten som leilegheiter i 2. etasje på forretningsbygg , eller reine bustadbygg. Ei større industriverksemd (møbelindustri) er lagt ned i seinare tid, dette har medført ledig areal og bygningsmasse.



TEMA	VERDI	OMFANG	FORKLARING, KOMMENTARAR, USIKKERHEIT
Miljø			
Naturverdi, biologisk mangfald	0	0	Ingen kjende forhold.
Jord- og skogbruksinteresse	0	0	Ingen kjende forhold
Landskap			Ikkje relevant
Kulturminne, kulturmiljø	0	0	Ingen kjende forhold
Forureining, støy	**	-	Trafikkstøy kan medføre ulemper ved etablering av bustader i forretningsområde nær riks- og fylkesveg, først og fremst for område BKB_F4 og BKB_F6. Bygningstekniske tiltak mot støy og tiltak knytt til utforminga av uteopphalds-område vil redusere ulempene.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	**	0	Turveg langs elveforbygging mot Bøvre forbi BKB_F1 og BKB_F2, må oppretthaldast. Vil vere viktig positiv faktor for bumiljøet i desse områda. Akseptabel gangavstand til grønt-/ naturområde for dei andre områda.
Samfunn			
Næringsliv og busetting	**	+	Det er ønskjeleg med fleire sentrumsnære bustadar, og større breidde i utvalet av bustadtypar.
Tettstadsutvikling	*	+	Etablering av bustader i næringsområdet vil vitalisere området utanfor vanleg arbeids-/ forretningstid.
Transportbehov	**	++	I gangavstand til alle sentrumsfunksjonar.
Folkehelse	*	-	For enkelte delområde er det avgrensa mogelegheiter for uteopphaldsområder, både når det gjeld areal/ kvalitet og støypåverknad (for områda nær riks- og fylkesveg). Likevel kort avstand til naturområde, turstigar m.m.
Barn og unge	*	-	I nokre delområde er det avgrensa mogelegheiter for leik-/uteopphaldsområder, men med gangavstand til naturområde/ leikeområde.
Samfunnstryggleik	**	-	Ikkje rasutsett ved sikringsklasse S2 (NGI, faresonekart). Ikkje flaumfare for sikringsklasse F2 (Hydrateam, vannlinjeberegning for nedre del av Bøvre), men oppstuving av overvatn bak flomverk kan oppstå i ein flaumsituasjon for deler av området (BKB_F2).
Teknisk infrastruktur	**	++	Godt utbygd infrastruktur. Kommunalt VA. Gangveg til sentrum

Svært stor positiv konsekvens	Stor positiv konsekvens	Middels positiv konsekvens	Liten positiv konsekvens	Nøytralt	**Liten negativ konsekvens**	Middels negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens	Svært stor negativ konsekvens
			↑					

SAMLA VURDERING OG EVENTUELLE ALTERNATIV.

Eksisterande reguleringsplan for Prestøya/ Gjeisarøya industriområde (2003) opnar for vaktmeister- og styrarbustader i næringsbygg. Det vart vedteke utfyllande retningsliner til dette punktet i planen i 2013. Pr. i dag finst det 3 slike bueiningar innanfor områda som er vurdert her, og det er i tillegg godkjent 2 nye. Fleire eigarar av næringsbygg i det aktuelle området har signalisert ønskje om utbygging av leilegheiter for utleige eller sal. Etter at Lom møbelindustri vart nedlagt er det ikkje lenger industriproduksjon innanfor det aktuelle området. Noverande eigar av dette bygget ønskjer å transformere industritomta til næring og bustadformål. Ulemper knytt til trafikkstøy, spesielt for områda som ligg nær Rv15, er den mest negative sida ved forslaget. Planføresegnene må setje vilkår om bygningstekniske tiltak og –utforming som reduserer ulempene.
Ved transformasjon av industritomta i område BKB_F2 vil det ligge godt til rette for å skape eigna areal for uteopphald, medan dette kan vere ein minimumsfaktor i andre delområde. God tilgang på parkeringsareal.

All tyngre produksjons- og industriverksemd er lokalisert utanfor (nord for) områda som er foreslått omdisponert til kombinert formål forretning og bustad.

Den tidlegare industritomta i område BKB_F2 ligg best til rette for etablering av bustader, men det er etter kommunen si vurdering ønskjeleg å sjå på områda samla og i ein større samanheng, spesielt områda som grensar inn mot sentrumskjernen.

KONKLUSJON.

Samla konsekvens for endring av arealformål i deler av eksisterande industriområde frå industri- og forretningsformål til kombinert formål forretning og bustad blir vurdert til å ha ein liten positiv konsekvens, og tiltaket blir tilrådd.

4.8 Kulihaugen (B_F2 og B_F3)

OMRÅDE: B_F2 og B_F3 KULIHAUGEN	
Dagens føremål:	Byggeområde offentlege føremål
Forslag til ny arealbruk:	Byggeområde bustader
Arealstorleik:	30 dekar
Forslagstillar:	Lom kommune
Skildring: Kulihaugen er i gjeldande kommunedelplan lagt ut som område til offentleg føremål (helsesenter/ omsorgsbustader), men ikkje teke i bruk til dette føremålet. Ein del av arealet (10 daa) er også regulert til offentleg føremål. Området blir no foreslått omdisponert til sentrumsnært bustadområde med høg utnyttingsgrad.	



TEMA	VERDI	OMFANG	FORKLARING, KOMMENTARAR, USIKKERHEIT
Miljø			
Naturverdi, biologisk mangfald	*	0	Ingen kjente registreringar. Området inngår ikkje i eit samanhengande kulturlandskap.
Jord- og skogbruksinteresse	***	- - -	Dyrka mark, produksjonsareal eigna for grasproduksjon. Heile landbruksarealet er oppr. på 30 daa, av dette er 10 daa regulert til offentleg føremål i gjeldande plan. Området langs Rv15 vart omregulert til gang- og sykkelveg i 2013 (ferdigbygd), og området langs Fv467 vart omregulert til gang- og sykkelveg i 2015.
Landskap	**	-	Sentrumsnært landbruksareal (slik det blir nytta i dag).
Kulturminne, kulturmiljø	**	0	Ingen kjende forhold, men eit visst potensiale for automatisk freda kulturminne i dyrka mark. Det aktuelle arealet er for ein stor del teke i bruk til leidningstrasé for nærvarme, VA-, straum og teleleidningar, og potensialet er vesentleg redusert
Forureining, støy	**	-	Ein vesentleg del av arealet ligg i gul sone for trafikkstøy frå RV 15, det vil vere nødvendig med både bygningsmessige tiltak og tiltak for å skjerme uteområde mot støy.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	**	0	Ligg som eit sentrumsnært grøntareal i dag, men dyrka mark blir ikkje nytta til aktivitet i barmarkssesongen. Gode mogelegheiter for å etablere/ oppretthalde ein viss grøntstruktur etter event. utbygging.
Samfunn			
Næringsliv og busetting	**	+++	Arealet er godt eigna for bustadbygging, og det er ønskjeleg med fleire sentrumsnære bustadar. Arealet kan vera eigna for bustadar av ulike typar.
Tettstadsutvikling	**	+	Det er eit mål å legge til rette for sentrumsnær bustadutvikling. Området ligg i direkte tilknyting til eksisterande bustadområder.
Transportbehov	**	++	Nær alle sentrumsfunksjonar - barnehage, barneskule, ungdomsskule vidaregåande skule, kultur-/fleirbrukshus og idrettsanlegg innanfor 250 m radius – dvs. svært lite transportbehov.
Folkehelse	**	+	Gangavstand til alle sentrumsfunksjonar. Turstignett mot Lomseggen-området lett tilgjengeleg.
Barn og unge	**	-	I samband med barnetrakkregistreringane er det registrert at skulen nyttar Kulihaugen, at det er ein snarveg over området mot idrettsplassen i Grov og at området blir nytta til aking. Fleire av desse funksjonane vil kunne ivaretakast også etter event. utbygging.
Samfunnstryggleik	**	+	Ikkje rasutsett ved sikringsklasse S2 (NGI, faresonekart). Det er ikkje utarbeidd flaumfarekart, men det finst ingen vassdrag eller sidevassdrag i området.

Teknisk infrastruktur	*	+	Kommunalt VA. Godt utbygd infrastruktur.

Svært stor positiv konsekvens	Stor positiv konsekvens	Middels positiv konsekvens	Liten positiv konsekvens	Nøytralt	Liten negativ konsekvens	Middels negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens	Svært stor negativ konsekvens
			↑					

SAMLA VURDERING OG EVENTUELLE ALTERNATIV.

Framlegget medfører eit fråfall av om lag 22 dekar dyrka mark. Heile dette arealet er i gjeldande kommunedelplan lagt ut til offentleg føremål, men ikkje teke i bruk, dvs. blir fortsatt nytta som jordbruksareal. Om lag 10 daa av jordbruksarealet vart regulert til offentlege føremål i 2002, men dette arealet er heller ikkje teke i bruk. Ca, 2,5 daa langs Rv15 vart omregulert til gang- og sykkelveg i 2013 (ferdigstilt 2017), og om lag 1 daa langs Fv467 vart regulert til same formål i 2015.

Utbygging av bustader på arealet vil derfor gje stor negativ konsekvens for areal som i dag blir nytta til jordbruksdrift. Grunna området sin nærleik til sentrum og store attraktivitet for bustadutbygging pga. plassering nær barnehage, barneskule, ungdomsskule, kultur-/fleirbrukshus og idrettsanlegg vurderer ein at arealet oppfyller dei føresetnadene som skal til for å setje jordvernet til side.

Det har vore ein vesentleg oppsving i bustadbygginga i Lom kommune i den seinare tid. Dagens tomtereserve vil med dagens utbyggingstakt vare i maksimalt 2 år til. Etablering av bustadeiningar som leilegheiter i forretningsbygg i sentrumsområdet, slik det er opna for i planframlegget, vil kunne avhjelpe denne situasjonen ein del. Men det er fortsatt slik at det er størst etterspurnad etter frittliggande bustader, og det er heilt avgjerande for kommunen å ha eit visst utval i tomter med ulik plassering, storleik osv. for å framstå som attraktiv på bustadmarknaden. Kort avstand til alle sentrumsfunksjonar er eit gode mange etterspør, og som viktig sett ut i frå eit klima- og miljøperspektiv. Det er derfor heilt nødvendig med ein sentrumsnær tomtereserve for vidare utvikling av Fossbergom som kommunesenter.

Alternative areal utanom dyrka mark vil ligge meir perifert i forhold til sentrumsfunksjonar, og i brattlendt terreng med dei problem som dette medfører for tilkomst, universelt tilgjenge m.m. I tillegg er det store utfordringar knytt til skredfareproblematikk ved planlegging og utbygging av bustadtomter i dalsidene.

Området må utbyggast med høg utnyttingsgrad for å forsvare bruk av fulldyrka mark til bustadformål. Det må likevel setjast av plass til tilstrekkeleg grøntstruktur og leikeareal i det nye bustadområdet. Problematikk knytt til trafikkstøy frå RV 15 kan løysast gjennom avskjerming og bygningstekniske tiltak.

KONKLUSJON. Det er klare jordbruksinteresser knytt til det aktuelle området. Det er mangel på sentrumsnære tomtealternativ, på grunn av området sin gode plassering og store attraktivitet som bustadtomter blir området likevel vurdert som veleigna til bustadføremål. Området må byggast ut med høg utnyttingsgrad.

Samla konsekvens for utbygging av bustadar på Kulihaugen er vurdert som liten positiv, og tiltaket vert tilrådd.

4.9 Utviding av gravplass/ kyrkjegard

OMRÅDE: BOP_F2	
Dagens føremål:	LNF (landbruks-, natur og friluftsområde)
Forslag til ny arealbruk:	Offentleg og privat tenesteyting
Arealstorleik:	2 dekar
Forslagstillar:	Lom kommune
Skildring:	
Frå kyrkjekontoret har det kome innspel om at det er nødvendig å setje av plass til framtidig utviding av kyrkjegarden (gravplassen).	



TEMA	VERDI	OMFANG	FORKLARING, KOMMENTARAR, USIKKERHEIT
Miljø			
Naturverdi, biologisk mangfald	**	0	Ingen kjente registreringar.
Jord- og skogbruksinteresse	0	0	Ikkje relevant.
Landskap	*	0	Arealet er lite og ligg lite eksponert.
Kulturminne, kulturmiljø	**	0	Ingen kjende forhold, men eit visst potensiale for automatisk freda kulturminne så nær kyrkja, arkeologiske undersøkingar vil derfor vere nødvendig.
Forureining, støy	0	0	Ingen kjente forhold.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	**	0	Ligg som eit sentrumsnært grøntareal i dag, men blir ikkje nytta til tur/ aktivitet. Vil fortsatt framstå som grøntareal etter omdisponering.
Samfunn			
Næringsliv og busetting	0	0	Ikkje relevant
Tettstadsutvikling	**	+	Området ligg som ei naturleg utviding av eksisterande gravplass inntil Lom stavkyrkje. Positivt at gravplassen fortsatt blir liggande i tilknyting til kyrkja, slik det er tradisjon for.
Transportbehov	**	+	I direkte tilknyting til eksisterande gravplass. Vil ikkje utløyse nye transportbehov
Folkehelse	0	0	Ikkje relevant.
Barn og unge	*	0	Ingen barnetrakkregistreringar, eller annan kunnskap om at området blir nytta.
Samfunnstryggleik	**	+	Ikkje ras- eller flomutsett
Teknisk infrastruktur	*	0	

Svært stor positiv konsekvens	Stor positiv konsekvens	Middels positiv konsekvens	Liten positiv konsekvens	Nøytralt	**Liten negativ konsekvens**	Middels negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens	Svært stor negativ konsekvens
			↑					

SAMLA VURDERING OG EVENTUELLE ALTERNATIV.

Alternativ plassering på vestsida av dagens kyrkjegard har vore vurdert i planprosessen, og er forkasta etter motsegner. Dermed er dette einaste reelle alternativ til lokalisering så lenge gravplassen skal ligge i tilknyting til kyrkja, slik det er tradisjon for.

KONKLUSJON.

Samla konsekvens for utviding område for gravplass er vurdert som liten positiv.
Tiltaket vert tilrådd.

4.10 Flytting av parkeringsplass frå kyrkjevollen til nytt område vest for stavkyrkja

OMRÅDE:	
Dagens føremål:	LNF (landbruks-, natur og friluftsområde)
Forslag til ny arealbruk:	Kombinert parkeringsplass/ kollektivterminal
Arealstorleik:	6 dekar
Forslagstillar:	Lom kommune

Skildring:

Flytting av dagens parkeringsplass på kyrkjevollen framfor stavkyrkja til ny plassering vest for kyrkja. Mindre eksponert plassering, større kapasitet og betre trafikal organisering samanlikna med dagens situasjon.

Dagens parkeringsplass blir gjort om til uteopphalds- og grøntareal (GP4), med gangakse frå sentrumskjernen mot kyrkja

Ny parkeringsplass er foreslått kombinert med ny bussterminal, flytta frå dagens plassering i Fosstugu-området (SKF1).



TEMA	VERDI	OMFANG	FORKLARING, KOMMENTARAR, USIKKERHEIT
Miljø			
Naturverdi, biologisk mangfald	**	0	Ingen kjente registreringar. Området inngår ikkje i eit større samanhengande kulturlandskap.
Jord- og skogbruksinteresse	***	- - -	Dyrka mark, produksjonsareal eigna for gras- og kornproduksjon. Fråfall av omlag *6* dekar sentrumsnær dyrka jord, dyrka restareal her blir ca *6,5* dekar.
Landskap	**	-	Bortfall av sentrumsnært landbruksareal. Men samtidig blir mesteparten av dagens parkeringsplass sør for kyrkja erstatta med grøntareal.
Kulturminne, kulturmiljø	**	- -	Bortfall av dyrka jord som høyrer til prestegarden i Lom, kyrkja og dyrkamarka kan derfor seiast å vere ein del av eit heilheitleg kulturmiljø. Potensiale for automatisk freda kulturminne i dyrka mark så nær kyrkja, arkeologiske undersøkingar vil derfor vere nødvendig før utbygging. Ein del av området er frå før teke i bruk til leidningstrasé for VA og nærvarme.
Forureining, støy	**	0	Ingen kjente forhold.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	**	0	Ligg som eit sentrumsnært grøntareal i dag, men dyrka mark blir ikkje nytta til aktivitet på barmark. Ein del av arealet blir erstatta med nytt grøntareal der det i dag er parkeringsplass på Kyrkjevollen
Samfunn			
Næringsliv og busetting	***	+ + +	Stavkyrkja er Lom sin største turistattraksjon, nærområdet til kyrkja mot sentrumskjernen vil framstå langt meir attraktivt. Parkeringsplassen vil få ei vesentleg mindre eksponert plassering enn i dag.
Tettstadsutvikling	***	+ + +	Positivt med nytt grøntareal og uteopphaldsområde i området mellom Loar, Bøvre og stavkyrkja. Siktaksen mot sentrumskjernen blir opna opp, og visuelt forstyrrande element som bil-, campingvogn- og bussparkering blir borte. *Ny bussterminal vil få langt betre organisering og funksjon enn dagens.*
Transportbehov	0	0	Ingen kjente forhold.
Folkehelse	0	0	Ingen kjente forhold.
Barn og unge	*	0	Ingen barnetrakkregistreringar, eller annan kunnskap om at området blir nytta.
Samfunnstryggleik	**	+ +	Betre organisert parkeringsareal, betre skille mellom mjuke og harde trafikantar. Tilrettelegging for levering av ungar til barneskulen her kan gje ei klar forbetring i trafikksituasjonen i problemområdet Brubakken. Ikkje ras- eller flomutsett.
Teknisk infrastruktur	*	0	VA- og nærvarmeleidningsnett vil ikkje vere i konflikt med arealbruken.

Svært stor positiv konsekvens	Stor positiv konsekvens	Middels positiv konsekvens	Liten positiv konsekvens	Nøytralt	**Liten negativ konsekvens**	Middels negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens	Svært stor negativ konsekvens
		↑						

SAMLA VURDERING OG EVENTUELLE ALTERNATIV.

Framlegget medfører eit fråfall av fulldyrka mark på om lag 6 dekar av ca 14,5 dekar totalt.
I tillegg kjem fråfall av 2 dekar i forslaget under punkt 4.9 – utviding av gravplass.

Framlegget kjem som eit resultat av at det lenge har vore peikt på at dagens parkeringsplass for bussar og bilar i siktaksen mellom sentrumskjernen og stavkyrkja er negativt for Fossbergom. Dette er også eit punkt i stadutviklingsplanen frå 2008. Foreslått plassering av ny parkeringsplass er vesentleg mindre eksponert. Samtidig vil ny parkeringsplass ha noko større kapasitet, og ligge betre til rette for å skille mellom mjuke og harde trafikantar. Mesteparten av dagens parkeringsområde på kyrkjevollen kan gjerast om til eit attraktivt grøntareal og uteopphaldsområde (område GP4).

Ny parkeringsplass er planlagt tilrettelagt for levering og henting av ungar til barneskulen (gang-avstand ca 225 m, gang- og sykkelveg med undergang Rv 15), og kan dermed erstatte henting og levering i Brubakken, der trafikksituasjonen i dag blir skildra som kaotisk. Vidare ligg ny parkerings-plass noko betre til rette for å kunne nyttast som avlastning for parkeringsplassen ved Utgard (utanom turistsesongen).

Merknad frå jordbrukssjefen:
Prestgarden eller Mo er den mest sentrale garden i Lom, og jordstykkjet det her dreier seg om er det sentrale jordstykkjet til garden - særleg etter nedbygging av annen dyrka areal gjennom tia - rundt Storstabburet, Kulihaugen mm. Kvaliteten på arealet må også sjåast på som den beste vi har med svak helling, tidig vekst om våren, vatningsanlegg, godt arrondert og vel eigna til korn-produksjon. Totalt sett er det ofte for lite vinterfôr her i område, og det vert i enkelte år kjøpt fôr frå andre område. Lom kommune vil gje ein svært uheldig signaleffekt ved å opne for nedbygging av det mest sentrale kornarealet i vår kommune der jordbruk fortsatt er den viktigaste næringa gjennom heile året. Utover signaleffekten for jordbruksbygda har dette arealet også sentral kultur-historisk betydning for stavkyrkja med Prestgarden, som var den største garden i soknet over lang tid. Arealet er siste arealet for å forstå og synleggjera denne delen av lokalhistorien som på mange måtar er representativ for store delar av landet men samtidig særeigen og prega av lokale forhold. Kyrkjevollen er frå gamalt av den naturlege stoppestaden for tilreisande til kyrkja..

Ei av kvalitetane til Lom sentrum er at jordbruksareal og kulturlandskap er nært sentrum og delvis del av sentrum slik som her rundt stavkyrkja og Prestegarden. Lom sentrum og kulturlandskapet vil miste ein del av denne kvaliteten ved nedbygging av Prestegardsjordet til parkeringsplass.

Fram til 1995 var Prestgarden ein eigen driftseining med husdyr. I dag er arealet drivi som leiejord av ein gardbrukar i nedre Bøverdalen som eit av fleire bruk som han eig/leiger. Arealet er enkelt å drive maskinelt men på grunn av sentral beliggenheit med mykje trafikk er det er ei utfordring med forsøpling. Jorda er sandig og krev ein del vatning for god avling. Bruken av arealet til Fjordings-martnan er i utgangpunkt ikkje i vegen for drift med 2 avlingar men mykje køyring har ugunstig effekt pga jordpakking og direkte skadar på grasmarka. Dette prøver ein å regulere ved klare avtaler om bruken under martnan. Eit restareal vil vera vanskelegare og mindre lønnsam å drive.

KONKLUSJON. Det er vesentlege jordbruks- og kulturhistoriske interesser knytt til arealet. Samtidig vil flytting av bussterminal og parkeringsområde til foreslått plassering saman med omdisponering av eksisterande parkeringsplass framfor kyrkja framstå som eit vesentleg løft for Fossbergom som tettstad.
Samla konsekvens for framlegget er vurdert som middels positiv. Tiltaket vert tilrådd.

5. Samla konsekvens

5.1 Samla konsekvens av dei tilrådde utbyggingsområda

Konsekvensutgreiinga inneheld utgreiing av i alt 10 område. Dette omfattar både område med ny utbygging, og tidlegare byggeområde der det blir foreslått vesentleg endra utbyggingsformål. Nokre av desse er spelt inn til planarbeidet som private initiativ, medan nokre er forslag frå kommunen sjølv. I alt blir tre område for ny utbygging og to (samle-) område med vesentleg endra utbyggingsformål tilrådd teke inn i forslag til ny kommunedelplan for Fossbergom. Dei andre blir av ulike grunnar ikkje tilrådd, i hovudsak grunngjeve med vurderingar av landbruk, kulturlandskap og realisme i gjennomføring mellom anna med tanke på samfunnsikkerheit.

I alt vurderer ein konsekvensane av foreslåtte endringar til å vera relativt små i dette planforslaget. Fleire av områda er allereie anten bygd ut frå før (gjeld endra formål i sentrumsområdet, industriområdet) eller sett av til andre utbyggingsføremål i eksisterande plan (Kulihaugen og utviding av industriområdet).

	OMRÅDE	Føremål i dag	Foreslått føremål	Konsekvens	Tilråding
4.1	**Andberg**	LNF	Fritids- og turistføremål	- -	Samla konsekvens ved utbygging til fritids- og turistføremål er vurdert til middels negativ, og tiltaket vert ikkje tilrådd.
4.2	**Andvordsjordet**	LNF	Bustadar	-	Samla konsekvens for utbygging av bustadar på Andvordsjordet er vurdert som liten negativ, og tiltaket vert ikkje tilrådd.
4.3	**Kroken**	LNF	Bustadar	- -	Samla konsekvens ved utbygging av bustader vil i alt gje ein middels negativ konsekvens, og tiltaket vert ikkje tilrådd.
4.4	**BN_F2 (utviding av industriområdet)**	Anna byggeområde næring	Næring	+	Endra arealbruk vil i alt gje ein liten positiv konsekvens. Tiltaket blir tilrådd.
4.5	**Nørderøy**	LNF	Fritids- og turistføremål	- - -	Endra arealbruk til fritids- og turist-føremål er vurdert til stor negativ konsekvens, og tiltaket vert ikkje tilrådd.
4.6	**BS1 – BS4 og BS_ F1 (sentrumskjernen)**	Erverv - forretning, kontor, reiseliv.	Sentrums-føremål	++ (BS_F1: +)	Endra arealformål i sentrumskjernen til sentrumsføremål vil gje ein middels positiv konsekvens, og tiltaket blir tilrådd.
4.7	**BKB_F1 – BKB_F6 (deler av industriområdet)**	Erverv - industri, forretning, kontor, reiseliv	Kombinert formål; forretning og bustad	+	Endra arealformål i deler av industri-området til kombinert formål forretning/ bustad vil gje ein liten positiv konsekvens, tiltaket blir tilrådd.
4.8	**B_F2 og B_F3 (Kulihaugen)**	Offentlege føremål	Bustadføremål	+	Endra arealbruk til bustadføremål vil gje ein liten positiv konsekvens, og tiltaket blir tilrådd føresett utbygging med høg utnyttingsgrad.
4.9	**BOP_F2 (utviding av gravplass)**	LNF	Offentleg tenesteyting	+	Endra arealbruk vil i alt gje ein liten positiv konsekvens. Tiltaket blir tilrådd.
4.10	**Ny plassering av parkeringsplass ved kyrkja, ny bussterminal**	LNF	Kombinert parkeringsplass/ kollektiv-terminal	++	Samla konsekvens for endra arealbruk på eksisterande og ny parkeringsplass blir vurdert som middels positiv. *Tiltaket er teke ut av planforslaget etter 2. gongs høyring.*

5.2 Tematisk vurdering av konsekvensar

5.2.1 Miljø

Naturverdi, biologisk mangfald. I utbyggingsområda som planen foreslår er det ikkje registrert viktige/ utvalde naturtyper eller artar, men det er foreslått utbygging nær inntil slike registreringar. Konsekvensen for temaet er vurdert som liten negativ.

Verdi	Omfang	Konsekvens
*	-	-

Jord- og skogbruksinteresser. Kulturlandskapet og jordbruksarealet utanfor sentrum er med på å definere sentrumsarealet, i tillegg finst beiteareal og dyrka mark inne i sentrumskjernen. I Lom er jordbruket ein viktig del av næringsverksemda, og ein viktig del av landskapet. Både nasjonal strategi og lokal politikk tilseier at ein bør unngå å omdisponere dyrka mark til utbyggingsføremål dersom det finst andre alternativ. Dette har ligge til grunn i utarbeidinga av planen, og jord- og skogbruksinteressene er gjeve høg verdi i konsekvensutgreiinga. Nytt bustadområde Kulihaugen er i dag dyrka, medan den i gjeldande kommunedelplan er sett av til utbyggingsføremål. Sett i forhold til endring frå gjeldande plan er det ingen konsekvens for temaet, men sidan området er dyrka pr. i dag er konsekvensen vurdert som liten negativ.

Verdi	Omfang	Konsekvens
*	-	-

Landskap. Foreslåtte nye utbyggingsareal vil ikkje ha svært store konsekvensar for landskapet. Ved realisering av dei nye tiltaka vil område som i dag er dyrkajord bli utbygd ved Kulihaugen, Konsekvensen for temaet er vurdert som liten negativ.

Verdi	Omfang	Konsekvens
**	-	-

Kulturminne, kulturmiljø. Fossbergom er prega av både kulturminne og kulturlandskapet. Dette har vore vekta i planarbeidet. Det har vore viktig for det fyrste å tenkje avgrensing av sentrum mot kulturlandskapet, og å ta omsyn til kulturminne og kulturmiljø og område rundt desse. Fordi det i planen er foreslått svært avgrensa endringar og dette temaet har vorte vektlagt i utreiinga av enkeltområde, har ikkje planforslaget store konsekvensar for kulturlandskapet eller kulturminne. Planforslaget fører samla sett til lite konsekvensar for temaet.

Verdi	Omfang	Konsekvens
**	0	0

Forureining, støy. Foreslåtte utbyggingstiltak vil ved realisering ikkje føre til vesentlege endringar av dagens situasjon med tanke på støy og forureining. Med tanke på bustadbygging på Kulihaugen vil ein kunne få meir lokaltrafikk inn på fylkesveg 467. Ein må rekne med støyskjerming mot riksvegen ved utbygging på Kulihaugen, og det må takast omsyn til støy ved ny regulering for bustader i næringsbygg i sentrum og i industriområdet. Konsekvensen for temaet er vurdert som liten negativ.

Verdi	Omfang	Konsekvens
*	-	-

Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv. Planforslaget legg ikkje opp til endringar som vil ha vesentlege konsekvensar med tanke på grønstruktur og friluftsliv. Dyrka mark på Kulihaugen er ikkje i bruk til tursamanheng, men dei opne områda kan sjåast som viktig i landskapssamanheng. Planforslaget fører samla sett til lite konsekvensar for temaet.

Verdi	Omfang	Konsekvens
*	0	0

5.2.2 Samfunn

Næringsliv og busetting. Det er ønskjeleg med fleire sentrumsnære bustadar. Utbygging av bustader på Kulihaugen er både sentrumsnært og med stutt gangavstand til skule, barnehage og fleirbrukshus. Etablering av bustader i forretningsbygg inne i sentrumskjernen vil vere med på å sikre eit levande sentrum også utanfor vanleg forretningstid. Etablering av bustader i sentrumskjernen og i deler av industriområdet vil skape større breidde i utvalet av bustadtypar. Konsekvensen er vurdert som middels positiv.

Verdi	Omfang	Konsekvens
**	++	++

Tettstadutvikling. Sjå førre punkt når det gjeld bustadutbygging.

Verdi	Omfang	Konsekvens
**	++	++

Transportbehov. Etablering av bustader i forretningsbygg inne i sentrumskjernen vil gje lett tilgang til eksisterande infrastruktur og privat og offentleg tenesteyting. Lokaltrafikk vil auke mot bustadfeltet Kulihaugen ved realisering av utbygging, likevel ligg dette området så nær sentrum, skule og barnehage at bilbruken vil kunne reduserast til eit minimum i det daglege for mange. Planforslaget vil ikkje føre til auka transportbehov, og konsekvensen er vurdert som null.

Verdi	Omfang	Konsekvens
**	+	+

Folkehelse. Planforslaget har lite innverknad på folkehelse, men utbygging av bustadar kan verke positivt inn med tanke på at det er gangavstand til offentleg og privat tenesteyting, og slik kan bruken av bil reduserast. Utbygging her skjer også i gangavstand til Grov, som i stor grad er i bruk av barn og unge på fritida, og fleirbrukshuset Utgard, som er ein møtestad for trening og samvær elles. Planen elles legg ikkje opp til nye område eller funksjonar som har innverknad på temaet folkehelse.

Verdi	Omfang	Konsekvens
**	++	++

Barn og unge. Temaet fell delvis saman med folkehelse med tilsvaranda vurderingar. Den gjennomførte barnetrakkregistreringa syner at foreslåtte byggeområde ikkje rører ved område som er brukt til leik og opphald sommartid, men Kulihaugen er noko brukt til aking om vinteren. Ved utbygging av bustadar vil det kunne vera mogleg å leggje til rette for leikeområde.

Verdi	Omfang	Konsekvens
**	0	0

Samfunnstryggleik. Ein del av planområdet er vurdert som rasfarleg (jf. kartlegging/ risikovurdering NGI 2008). Dette har konsekvensar for allereie bebygde område, og må takast med som eit sentralt tema når nye utbyggingsområde blir foreslått.

Planforslaget foreslår ikkje nye utbyggingsområde som blir berørt av områda peikt på gjennom faresonekartlegginga. Eit av utbyggingsområda som var foreslått, Nørderøy, ligg i eit område som er vurdert som rasfarleg. Utbygging her vil medføre risiko, og det vil vere store kostnader knytt til sikring, både forarbeid og utføring. Utbygging her er difor ikkje tilrådd.

Flaum: NVE har ikkje utarbeidd flaumsonekart for Ottaelva eller Bøvre. For nedre del av Bøvra (ved industriområdet) syner flaumsonekartlegging gjennomført av Hydrateam AS at eksisterande flomverk har tilstrekkeleg høgde for å sikre mot 200-års flaum. Men ved lokal nedbør- og smeltevassflaum med 200-års intensitet vil, om den er samanfallande i tid med storflaum i hovudvassdraget, setje deler av området bak flomverket under vatn. Utviding av industriområdet i område BN_F2 krev oppfylling til flaumsikker høgde.

Radon: Det er ikkje alunskifer i grunnen på Fossbergom, og ein antek difor at det ikkje er vesentleg fare i tilknyting til radon. Det er elles ikkje gjort målingar av radon i regi av kommunen. Elles vil krav til radonmålingar og tiltak mot radon kome på reguleringsplan- og byggesaksnivå.

Verdi	Omfang	Konsekvens
**	+	+

Teknisk infrastruktur. Lom sentrum er utbygd med kommunal infrastruktur. Dei foreslåtte føremåla i planen fordrar delvis vidare utbygging av både vatn og avlaup og veg. Dette gjeld i særleg grad Kulihaugen, der utbygging til bustadar kan knytast på eksisterande infrastruktur. Vurdert til middels positiv konsekvens.

Verdi	Omfang	Konsekvens
**	++	++

6. Heilskapleg vurdering

6.1 Landskap

Planen vil ha noko konsekvens for landskap ved realisering av planen. Dette gjeld i fyrste rekkje Kulihaugen som i dag er dyrka, og som er foreslått omdisponert til byggeføremål. Den samla verknadane av landskapsendringane blir likevel vurdert som relativt små.

6.2 Staden sin karakter

Fossbergom har ein tydeleg profil med tanke på bygg og utforming i dag. Planforslaget foreslår ikkje vesentlege endringar av føresegner for dette. Det er ein trend i tida at folk trekkjer mot sentrale område, så også i Lom. Planarbeidet har teke konsekvensane av dette og foreslår eit nytt sentrumsnært byggeområde (Kulihaugen). Dei store linene på Fossbergom blir teke vare på, og planen endrar ikkje staden sin struktur og oppbygging.

6.3 Kulturminne og -miljø

I planområdet finst det kulturminne som er varig verna og som er sikra gjennom freding. Dette er også synt i planen. Planen sikrar også at eventuelle funn ved arbeid i marka skal sikrast og meldast til kulturminnestyresmaktene, jf. kulturminnelova.

Bøverdalen har høg verdi med tanke på kulturlandskapet, med ein verdi som nasjonalt viktig. Det har til nå vore avgrensa av ei rett linje inn mot Fossbergom, utan omsyn til eksisterande bygg og kulturlandskap. Ein har gjennom planforslaget foreslått ei meir detaljert og føremålstenleg avgrensing mellom kulturlandskapet og eksisterande busetnad.

Kommunen meiner at planforslaget har liten konsekvens for kulturminne og kulturmiljø.

6.4 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk

Planen føreset at tilkomst langs Bøvre blir halde ope for allmenn bruk. Ut over dette ser ein at ei nedbygging av Kulihaugen til bustadar vil føre til ein viss negativ konsekvens for barn og unge, skule og barnehage sin bruk av dette jordet vinterstid til aking og skileik. Det er andre jorde i nærleiken som også kan nyttast til dette føremålet, men ikkje like tilgjengeleg. Planen endrar elles ikkje på føresetnadane for tilgang til friluftsareal og utmark.

6.5 Trafikkforhold

Det er utarbeidd ei trafikkanalyse i tilknyting til planarbeidet.

Omlegging av riksvegen utanfor sentrum ligg inne i gjeldande plan. Omlegging er ikkje teke endeleg stilling til, men areal for ei eventuell framtidig omlegging er sett av i kommunedelplanen. Ei omlegging vil ha store konsekvensar for Fossbergom, i både positiv (trafikktryggleik, støy, støv) og negativ retning (detaljhandel, reiseliv).

Både barnetrakkregistreringane og trafikkanalysa peiker på eit utfordrande punkt over riksvegen mellom fjellsenteret og steinfjoset. Planen legg ikkje opp til endring her. Det betyr at dersom det ikkje blir gjort andre tiltak for å betre tryggleiken, vil overgangen fortsatt opplevast som utrygg. Planforslaget får lite konsekvensar samanlikna med dagens situasjonen.

Brubakken, som har relativt stor trafikk av både privatbilar og fotgjengarar i tilknyting skulestart og –slutt på barneskulen, og til og frå barnehagenhar vore eit problemområde når det gjeld trafikktryggleik. Ombygging av denne vegstrekninga med fortau og einvegskjøring er gjennomført i 2018 og 2019

I handlingsplanen til nasjonal transportplan ligg det inne prosjekt for opprusting av bussterminalen.

Spørsmål knytt til parkering er på Fossbergom mest knytt til turistsesongen. Det er eit stort tal parkeringsplassar tilgjengelege, og desse er vurdert som tilstrekkelege. Planen legg difor ikkje opp til etablering av nye parkeringsplassar.

Stigar og snarvegar er godt utgreia gjennom barnetrakkregistreringane. Bortsett frå Kulihaugen vil ikkje slike bli råka ved gjennomføring av planforslaget.

Med store areal som berre i avgrensa grad er i bruk vinterstid, er det ikkje knytt vesentlege problem til snøopplag på Fossbergom.

På bakgrunn av dette meiner vi at planforslaget ikkje har negative konsekvensar for trafikktilhøva i planområdet. Konsekvensar av fortsatt utbygging blir løyst gjennom utbygging i samsvar med gjeldande vegstandardar.

6.6 Barna sine interesser

Konsekvensar for barn og unge sine interesser er i fyrste rekkje knytt til fråfall av område brukt til aking og skileik vinterstid, også brukt av barnehage og skule. Dette arealet er regulert til byggeføremål, men er ikkje utbygd. Det er såleis ikkje noko krav om erstatningsareal, Lenger vest er det meir landbruksareal med jorde som kan brukast til dette føremålet, men dette er likevel ikkje så lett tilgjengeleg som Kulihaugen.

Ved utbygging til bustadføremål bør det settast av areal til leikeplass. Planen stiller ikkje krav om opprusting av eksisterande og dels nedfalls og attgrodde leikeplassar, men ideelt sett bør dette skje gjennom velforeiningar.

Ved å etablere bustadfelt på Kulihaugen, vil ein få bustadar med svært kort avstand til barnehage og skule.

6.7 Universell tilgjenge

Krav og retningsliner til universell tilgang er synt i føresegnene i kap. 2.7.3. Store delar av planområdet er allereie regulert gjennom reguleringsplanar. Planforslaget har positive konsekvensar for temaet, og stør opp om føresegner i gjeldande plan- og bygningslova og teknisk forskrift.

6.8 Jordressursar/landbruk

Noko dyrka jord blir foreslått disponert til byggeføremål i planen, noko som har ein negativ konsekvens knytt til jordressurs/ landbruk – sjølv om arealet også i gjeldande plan er disponert til utbygging (Kulihaugen). Arealet er relativt avgrensa i omfang. Gjennom planprosessen er det luka ut fleire andre forslag som innebar om-disponering av dyrka jord. Negative konsekvensar for jord- og landbruk er difor samla sett vurdert som små.